



## MØTEPROTOKOLL

### Kommunestyret

**Dato:** 30.08.2017 kl. 14:00 – 16:10  
**Sted:** Park hotel  
**Arkivsak:** 15/02798

**Tilstede:** Hans Erik Ringkjøb (Ap), Marit Wæhle (Ap), Bjørg Djukastein (Ap), Stein Helge Mandelid (Ap), Torgunn Hegland (Ap), Helge Nævdal (Ap), Bjørn Christensen (Ap), Erik Østlie (Ap), Karethe Lunde (Ap), Lars Mossefinn (Ap), Thomas Trettenes (Ap), Ruth Linda Merethe Monsen Merkesdal (Ap), May Røssland (Ap), Sigbjørn Hauge (Sp), Anita Jordalen (Sp), Arne Gilbakken (Sp), Ivar Haug (Sp), Hilde Lussand Selheim (Sp), Liv Spilde (Sp), Marianne Gjerald (Sp), Arnfinn Gjerdåker (SV), Arne Mosefinn (Krf), Jorunn Ytrefjord (V), Elin Seim (V), Lillian Rogne (MDG), Iiril Schau Johansen (H), Svein Erik Burud (H), Katrine Matthiessen (H), Sveinung Riber (H), Stig Frode Støle (Frp)

**Møtende varamedlemmer:** Olaug Kyte (Ap) for Klaus Skjeldal, Atle Bilsback (Ap) for Mona Bystøl, Petra Støyva (Ap) for Lars Haukom, Morten Samskott (Sp) for Vidar Skeie, John Almeland (Sp) for Nils T Bjørke, Dag Sandvik (SV) for Marie Stalheim, Arne Andersen (Raudt) for Daniel Mossefinn, Per Helleve (Krf) for Hans Jørgen Boge, Aina Andreassen (MDG) for Sveinung Klyve, Bjørne Østrem Djukastein (H) for Fredrik Skaarer Fjose, Olav Farestveit (H) for Derya Ciftci, Torbjørn Gunnar Titlestad (Frp) for Knut Ståle Kvissel

**Forfall:**

**Andre:** Einar Hauge, Torbjørg Austrud

**Protokollfører:** Målfrid Sivertsen

Møtet kjende repr. A. Gilbakken ugild (Forvaltningslova § 6. e) 2.) i handsaming av pkt. 4 i sak 41/17.

Møtet kjende repr. O Kyte ugild (Forvaltningslova § 6 b)) i sak 42/17

Møtet kjende repr. I. Haug ugild (Forvaltningslova § 6 e) 2.) i sak 42/17

Repr. S. E. Burud fekk permisjon kl. 14:45, vararepr. Knut Grinde tok sete.

## Informasjon

### **8/17 Informasjon til møte 30.08.2017.**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Kommunestyret	30.08.2017	8/17

### **Møtebehandling**

Det var felles møte mellom Voss kommunestyre og Granvin herad frå kl. 12:30-13:50. Fylkesmann Lars Sponheim leia møtet.

Voss kommunestyre hadde så møte og gjorde vedtak i sak 41/17.

Frå kl. 14:20-14:40 var det fellesmøte, der ordførar Ingebjørg Winjum og ordførar Hans Erik Ringkjøb orienterte om heradsstyret/kommunestyret sine vedtak.

Ordførar Hans Erik Ringkjøb orienterte:

om rekruttering av prosjektleiar som vert rådmann i Voss herad og at det i samband med dette var inngått avtale med noverande rådmann.

Om Vossabadet som snart er ferdig.

[Lagre]

## Saker til handsaming

### **41/17 Etablering av ny kommune - oppfylging av intensjonsavtale og inndelingslova § 25 og § 26**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Mellombels fellesnemnd	25.08.2017	23/17
2 Kommunestyret	30.08.2017	41/17

**Mellombels fellesnemnd har behandlet saken i møte 25.08.2017 sak 23/17**

#### **Møtebehandling**

Mellombels fellesnemnd kom med framlegg om Voss herad som namn på nye Voss.

#### **Votering**

Administrasjonen si innstilling med fellesnemnda sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

#### **Tilråding:**

1. Den nye kommunen skal heite Voss herad. Fram til 1.1.2020 skal kommunen omtalast Nye Voss.
2. Nye Voss skal organiserast etter formannskapsmodell og ha 43 medlemmer i kommunestyret og 9 medlemmer i formannskapet.
3. Det skal etablerast ei fellesnemnd i samsvar med Inndelingslova § 26. Fellesnemnda skal ha dei same medlemmene som mellombels fellesnemnd.
4. Indre Hordaland revisjonsdistrikt blir vald som revisor for Fellesnemnda.
5. Det blir etablert eit partsamansett utval for saker som gjeld tilhøvet mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.
6. Fellesnemnda sine oppgåver og fullmakter blir vedteke slik dei kjem fram i saka.

#### **Møtebehandling**

Møtet kjende repr. A. Gilbakken ugild (Forvaltningslova § 6. e) 2.) i handsaming av pkt. 4.

Repr. A. Mossefinn kom med slikt framlegg:

«Den nye kommunen skal heita Voss kommune»

Repr. S. Riber kom med framlegg om å auka talet på medlemmer i fellesnemnda til 9.

#### **Votering**

Tilrådinga frå mellombels fellesnemnd pkt 1 vart vedteke med 27 røyster mot 16 røyster for framlegget frå repr. A. Mossefinn.

Tilrådinga frå mellombes fellesnemnd pkt. 2 vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå mellombels fellesnemnd pkt. 3 vart vedteke med 34 røyster mot 9 røyster for framlegget frå repr. S. Riber.

Tilrådinga frå mellombels fellesnemnd pkt. 4 vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå mellombels fellesnemnd pkt. 5 vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå mellombels fellesnemnd pkt. 6 vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Den nye kommunen skal heite Voss herad. Fram til 1.1.2020 skal kommunen omtalast Nye Voss.
2. Nye Voss skal organiserast etter formannskapsmodell og ha 43 medlemmer i kommunestyret og 9 medlemmer i formannskapet.
3. Det skal etablerast ei fellesnemnd i samsvar med Inndelingslova § 26. Fellesnemnda skal ha dei same medlemmene som mellombels fellesnemnd.
4. Indre Hordaland revisjonsdistrikt blir vald som revisor for Fellesnemnda.
5. Det blir etablert eit partsamansett utval for saker som gjeld tilhøvet mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.
6. Fellesnemnda sine oppgåver og fullmakter blir vedteke slik dei kjem fram i saka

[Lagre]